



Notat

Dato: 22.12.2015
Arkivsak: 2015/12759-1
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utvalet for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Skyss-linje 4 tilbake til Varden

På møte i Utval for miljø og samferdsel den 11. november 2015 sette representanten Marthe Hammer (SV) fram fylgjande oversending.

Folkeaksjonen "Skysslinje 4 tilbake til Varden" / Overlevering av underskrift.

5. november vart Hordaland Fylkeskommune ved Fylkesordfører Anne Gine Hestetun overrakt 1450 protestunderskrifter og dei dokumenterte konsekvensane av at Skyss har nedlagt busslinje 4 til Vardenområdet i Fyllingsdalen. Bak den store folkeaksjonen med krav om gjenoppretting av linje 4 mellom Varden-Sentrum og Flaktveit, står bebuarar i alle borettslaga på Varden, (719 husstandar) FAU for dei 16 klassane ved Varden skole (600 familiar), og underskriftene frå de 6 fastlegane, jordmor, sjukepleier, medisinsk personale og 475 pasientar ved Varden Legesenter som betjener 8.400 pasientar frå heile byen. I tillegg barnehagar, kirka, institusjonar og frivillige organisasjonar.

Når kan ein forvente at denne saka vert lagt fram for politisk handsaming?

Ved fylkestinget si budsjetthandsaming vart det gjort slikt vedtak:

Fylkestinget ber Skyss gå i dialog med innbyggjarane på Varden som har engasjert seg for å få tilbake busslinja, for å finna ei minneleg løysing på dei utfordringane som har oppstått ved omlegging av rutestrukturen.

Omlegginga av linje 4 og endringane i kollektivtilbodet til Varden hausten 2015 har skapt engasjement blant bebuarane i området. Fleire enkeltpersonar og velforeiningar i området har teke kontakt med Skyss.

Skyss skal gå i dialog med representantar for innbyggjarane på Varden, og vil arbeida for å finna minnelege løysingar som alle partar ser seg tente med. Skyss vil leggja fram ei politisk sak for utvalet i februar 2016, der ein vil orientera om omlegginga av linje 4 og endringane i rutetilbodet til Varden, samt kva nye tiltak ein legg opp til etter dialogmøta.

